

Reglement og branninstruks



VESTBORG VGS

Reglement per 10.08.2017

Skulereglement for Vestborg vidaregåande skule

Fastsett med heimel i Friskulelova § 3-9 første ledd.

Vedteke av skulestyret for Vestborg hausten 2008, sist revidert 16.9.2016.

FØREMÅL

Føremålet med reglementet er å medverke til godt samarbeid og god trivsel, respekt og medansvar. Reglementet skal fremje god orden og gode arbeidsvanar og slik legge til rette for god læring.

§ 1 KVEN REGLEMENTET GJELD FOR

Reglementet gjeld for alle elevar ved skulen, og så langt det høver, også for hospitantar og andre når undervisninga/arrangementet går føre seg i regi av skulen. Reglementet gjeld også på turar, ekskursjonar m.m.

§ 2 RETTAR

- a. Elevane har rett til vidaregåande opplæring i samsvar med Friskulelova § 3-1, Opplæringslova § 3-1 og gjeldande læreplanar.
- b. I samarbeid med gruppa og faglærer/lærarar, har elevane rett til medverknad ved:
 - evaluering av undervisninga
 - val av undervisningsformer og undervisningsmetodar
 - val av lærestoff innan rammene av læreplanane
 - oppsett av periodeplanar
 - utarbeiding av reglar for godt arbeids- og læringsmiljø i klassen
- c. Kvar elev har rett til å få kontinuerleg rettleiing og tilbakemelding i høve til dei måla han/ho arbeider etter. Det skal gjennom skuleåret gjennomførast minst to elevsamtaler (førebudde samtaler mellom elev og kontaktlærer, evt. annan lærar).
- d. Ved faglege, personlege eller sosiale vanskar som har noko å seie for opplæringa, har elevane rett til å få rådgjeving, oppfølging og hjelp.
- e. Elevane har rett til rådgjeving om utdanning og yrkesvalg.
- f. Elevene har rett til og skal, så raskt som mogleg, ta opp med skulen (faglærer, kontaktlærer, rådgjevar, leiinga for skulen) ting som ikkje fungerer godt nok. Dette kan for eks. være:
 - at læreplanane ikkje vert følgde
 - at eleven ikkje får den hjelpa han/ho ber om/har rett på
 - manglar ved det utstyret som vert brukt i undervisninga

- dårleg klassemiljø (for eksempel mobbing)

- g. Eksterne oppslag skal berre setjast på oppslagstavler som er til slikt bruk. Oppslagstavler må berre nyttast etter tilvising frå administrasjonen. (Oppslaga skal stemplast med skulen sitt stempel.)

§ 3 PLIKTER

- a. Alle i skulesamfunnet har plikt til å rette seg etter det som til ei kvar tid står i lov, reglement og instruksar.

Eleven er forplikta til å møte til den daglege undervisninga, dvs:

- å møte presis til undervisninga
- å følgje den planen som er lagt for det daglege livet ved skulen. Her høyrer også med den daglege morgonsamlinga.
- å ta aktivt del for å nå dei oppsette måla
- å vere førebudd til elevsamtale

- b. Eleven skal på førehand ta kontakt med faglærer dersom han/ho ikkje kan følgje opp ting til avtalt tid.

Dersom ein elev er borte frå skulen, har eleven sjølv ansvar for å kome à jour med skulearbeidet og halde seg orientert om meldingar som vert gjevne medan han/ho er borte frå undervisninga.

- c. Eleven har plikt til å ha med seg dei lærebøkene, læreplanane og det undervisningsmateriellet som skulen krev.
- d. Eleven skal følgje verne- og tryggleiksreglar og bruke dei arbeidsklede og verneutstyret som blir kravd i faget etter pålegg frå skulen. Elevar som ikkje rettar seg etter dette, kan verte utestengt frå gruppa for resten av timen etter faglærars avgjerd.
- e. Eleven pliktar å betale skulepengar fastsett av styret for skulen, jfr friskulelova § 6-2.
- f. Utstyr og anna som skulen eig skal handsamast med varsemnd og omtanke. Hærverk og grov aktløyse vil føre med seg erstatningsansvar.
- g. Elevane må setje seg inn i og følgje trafikk- og parkeringsreglane ved skulen. Bilar, motorsyklar og syklar må plasserast på tilviste parkeringsplassar. Av omsyn til trafikktryggleiken på skuleområdet, skal ein ikkje køyre unødige her.

§ 4 ARBEIDS- OG LÆRINGSMILJØET

Eit godt arbeids- og læringsmiljø er grunnleggande for god opplæring.

Det skal difor leggst vekt på å skape eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsformer mellom alle som er knytt til skulen. Difor er det viktig å vise respekt, omsyn og medansvar.

- a. Alle må opptre omsynsfullt, realt og høfleg overfor kvarandre.
- b. Arbeidsvanane til alle på skulen skal vere prega av ansvar og orden; at ein er ryddig, punktleg og påliteleg.
- c. Det er viktig for trivselen at det vert halden god orden over heile skulen - ute og inne. Alle skal opptre slik at krava til hygiene og helse blir ivaretekne. (Dette betyr for eksempel at søppel blir kasta i rett søppeldunk; kjeldesortering).
- d. Måltida går vanlegvis føre seg i matsalen. Det er ikkje høve til å ta med dekketøy eller anna utstyr frå matsalen. Mat på klasserom er berre tillate ved eksamenar, heildagsprøvar eller etter spesiell avtale med faglærer.
- e. Mobiltelefon og musikkavspjelingsutstyr skal ikkje vere tilgjengelig i tilknytning til undervisning og prøver, utan etter spesiell avtale med faglærer.
- f. Skulen er ein røyk- og snusfri skule; røyking og snusing er difor ikkje tillate på skuleområdet.
- g. Bruk og oppbevaring av rusmidlar er forbode. Det er også forbode å vere påverka av rusmidlar.
- h. Det er ikkje lov å ha med seg, eller oppbevare våpen og/eller ammunisjon på skulen.
- i. Alle elevar har krav på eit godt miljø. Det medfører at uønska og/eller ulovleg åtferd som hærverk, vald, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane på grunn av religion eller livssyn ikkje kan akseptrast.
- j. Skuledagen er ein arbeidsdag. Fritimar bør difor nyttast til skulearbeid på eigna stader.

§ 5 OPPMØTE OG FRÅVÆR

Frammøte til undervisning

Aktiv deltaking er naudsynt for godt læringsutbytte.

Eleven har plikt til å møte presis til undervisning for å ta del i denne i den form ho vert gjeven. Kjem eleven meir enn 20 minutt for seint til timen blir det rekna som timefråvær.

Fråvær

a) Generelt

- Fråvær frå undervisninga blir ført på vitnemål og kompetansebevis, og fråværet frå alle trinn blir tatt med. Fråværet blir ført i dagar og enkelttimar.
- Fråværsreglane etter Forskrift til friskulelova § 3-46 er lagt til grunn.
- Eleven skal sjølv halde oversikt over eige fråvær og har sjølv ansvar for at fråvær ikkje får uheldige fylgjer for undervisninga og karaktergrunnlag.
- Vi deler fråvær inn i tre kategoriar:

Dokumentert fråvær: Sjukdomsfråvær, eller fråvær som er søkt om og godkjent på førehand. Fråværet blir ført på vitnemål og kompetansebevis.

Ugyldig fråvær: Fråvær utan at det gjeld sjukdom eller fråvær som ikkje er godkjent på førehand. Ugyldig fråvær kan føre til nedsett karakter i orden og at ein ikkje får karakter i faget. Fråværet blir òg ført på vitnemål og kompetansebevis.

Særfråvær: Fråvær som ikkje blir ført på vitnemål eller kompetansebevis. Slikt fråvær må vera dokumentert og godkjent ut frå bestemte reglar (sjå nedanfor).

b) Dokumentert fråvær

Dersom ein elev blir sjuk, skal skulen ha melding om dette. Internatelevar må sjølve melde frå til internatleiar eller kontaktlærer når ein grunna sjukdom ikkje kan møte til undervisning. Dette må gjerast før skulestart same dag. Heimebuande elevar melder frå til kontoret eller til kontaktlærer same dag.

Dersom ein elev må vere borte frå skulen av andre grunnar enn sjukdom, må eleven søkje om dette på førehand, normalt minst 3 dagar før første fråværsdag. Søknad skal skrivast på eige skjema.

- Faglærer kan godkjenne slikt fråvær frå sine timar.
- Kontaktlærer kan godkjenne fråvær inntil 1 dag.
- Rektor må godkjenne viss meir enn 1 dag.

I spesielle tilfelle der eleven har gyldig grunn, men ikkje kan søkje på førehand, kan fråværet bli godkjent som dokumentert fråvær i etterkant. Eleven må då søkje innan ei veke etter siste fråværsdag.

Under punkt g) om karaktergrunnlag er der ei oppstilling med fråvær som vil kunne verte godkjent som dokumentert fråvær.

Årsak til dokumentert fråvær kan krevjast ført på vitnemål og kompetansebevis.

c) Ugyldig frávær

Dersom ein elev er borte frå skulen utan å vere sjuk og utan å ha søkt og fått fráværet godkjent på førehand, blir fráværet definert som ugyldig. Ugyldig frávær fører til prikkbelastning i forhold til karakteren i orden.

d) Særfrávær

Ut frå punkta nedanfor kan frávær bli godkjent som *særfrávær*. Eleven må søkje om slik godkjenning seinast èi veke før første fráværsdag. Søknad med dokumentasjon skal leverast på eige skjema til kontaktlærer eller rektor alt etter omfang. Dersom det gjeld helse- og velferdsgrunnar (jfr pkt 1) må søknad leverast seinast èi veke etter siste fráværsdag. Særfrávær som ikkje vert ført på vitnemål eller kompetansebevis har ei øvre fráværsgrense på 10 dagar pr. skuleår. Frávær ut over dette som oppfyller krava til særfrávær vert ført som dokumentert frávær. Berre dagsfrávær kan vere særfrávær.

1a) Helse:

-Frávær som skuldast sjukdom (influenza t.d.) må vare meir enn tre dagar, og det er berre frávær frå og med fjerde dagen som kan strykast.

-Ved dokumentert risiko for frávær på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan frávær strykast frå og med første fráværsdag.

1b) Velferdsgrunnar:

- dødsfall i nær familie eller omgangskrets
- omsorgsoppgåver (t.d. egne born)

2) Arbeid som tillitsvald:

Gjeld på regionalt eller nasjonalt nivå i landsdekkande organisasjonar.

3) Politisk arbeid:

Gjeld på regionalt eller nasjonalt nivå.

4) Hjelparbeid:

Organisert hjelparbeid i krisesituasjonar og anna hjelparbeid i regi av landsdekkande hjelpeorganisasjon.

5) Lovpålagte oppmøte:

T.d. sesjon, rettsak o.l.

6) Representasjon:

Gjeld representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå.

7) Religiøse høgtider:

Inntil to dagar ved religiøse høgtider for elevar som er medlem av andre trussamfunn enn Den Norske Kyrkja.

e) Ikkje rekna som frávær

- 1) *Alternativ undervisning:* Etter særskilt avtale kan ein elev få godkjent sjølvstendig studiearbeid på eller utanfor skulen som alternativ undervisning.
- 2) Rådgjeving på skulen
- 3) Møte med PPT
- 4) Elevrådsarbeid som er godkjent av skulen
- 5) Avtalt samtale med rektor eller andre tilsette

f) Frávær frå prøver

Vanlege prøver

Dersom ein elev har fått godkjent *dokumentert frávær* eller *særfrávær* på ei tid då eleven skulle hatt prøve, kan faglærer kalla inn til nye prøver som er naudsynte for å gje karakter. Eleven har ikkje krav på slike prøver. Han må vera merksam på at frávær frå prøver kan føre til at han ikkje får termin- og standpunktkarakter. Ugyldig frávær frå prøver fører til ekstra merknader for karakteren i orden.

Heildags- og større terminprøver

Frávær frå slike prøver blir normalt ikkje godkjent som gyldig frávær av andre grunnar enn sjukdom, dokumentert med legeerklæring. Berre i heilt spesielle tilfelle kan andre grunnar godkjennast som gyldig frávær. *Ugyldig frávær* frå heildags- eller andre større terminprøver fører til ekstra merknader for karakteren i orden.

g) Karaktergrunnlag

Stort frávær, same kva grunnen er, kan føre til at grunnlaget for å gi vurdering med standpunktkarakter manglar.

«I vidaregåande skule skal eleven ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved frávær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at frávær i meir enn 10 prosent av timane i faget skyldast slike grunnar som er nemnde i § 3-46 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd. Dersom årsaka til fráværet gjer det klart urimeleg at fráværsgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert frávær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hos dagleg leiar. Læraren må i alle høve ha tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter, jf. tredje ledd.» *Forskrift til friskulelova § 3-3, fjerde ledd.*

Før fráværsprosenten vert utrekna skal følgjande frávær i faget trekkjast i frå:
-frávær av same grunnar som gjev rett til særfrávær

-fråvæer grunna timar med tannlege, lege, helsesyster, psykolog og liknande
-alt fråvæer i samband med sjukdom
Der er ikkje avgrensing på kor mange timar som kan verte trekt ifrå så lenge der er rett dokumentasjon.

Høgare fråvæer enn grensa som gjeld for faget fører til at det ikkje vert gjeve karakter i faget. Dette gjeld sjølv om faglæraren har karaktergrunnlag i det aktuelle faget.

Halvårsvurdering med karakter

For halvårsvurdering med karakter vert fråværet rekna opp mot timetalet i faget det halvåret. Fråvæersgrensa omrekna i undervisningstimar vert då:

- For 2-timarsfag: 4 timar.
- For 3-timarsfag: 6 timar.
- For 4-timarsfag: 8 timar.
- For 5-timarsfag: 10 timar.
- For 6-timarsfag: 11 timar.

Sjølv om ein elev har hatt for høgt fråvæer i 1. termin kan han likevel få halvårsvurdering med karakter i 2. termin dersom fråværet då er under grensa.

Standpunktkarakter

For standpunktkarakter vert fråværet rekna opp mot timetalet i faget det året. Fråvæersgrensa omrekna i undervisningstimar vert då:

- For 2-timarsfag: 8 timar.
- For 3-timarsfag: 12 timar.
- For 4-timarsfag: 16 timar.
- For 5-timarsfag: 19 timar.
- For 6-timarsfag: 23 timar.

Sjølv om ein elev har hatt for høgt fråvæer i 1. termin (sjå halvårsvurdering med karakter) kan han likevel få standpunktkarakter dersom årsfråværet då er under grensa.

Dersom fråværet alt i 1. termin har vore så stort at fråvæersgrensa for heile året vert passert, får eleven verken halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter.

h) Varsling

Elevar, og føresette for elevar under 18 år, har krav på skriftleg varsel dersom høgt fråvæer og det er tvil om eleven kan få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter.

i) Absolutt fråvæersgrense og elevstatus

Fråvæer utover 20 skuledagar i løpet av eit skuleår kan ikkje godtakast. Dersom ein elev pr 1. oktober eller 1. april har høgare fråvæer enn 20 dagar, skal eleven ikkje reknast for å ha følgt opplæringa – jfr § 15 i Økonomiforskrift til Friskulelova.

§ 6 Karakterar i orden og åtferd (jfr Forskrift til § 4-9 i Friskulelova)

I orden og i åtferd skal ein av desse karakterane nyttast:

- God (G). Vanleg god orden og vanleg god åtferd.
- Nokså god (Ng). Klare avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd.
- Lite god (Lg). I ekstraordinære tilfelle ved store avvik frå vanleg orden og frå vanleg åtferd.

Ved fastsetjinga av karakter i orden tek ein omsyn til om eleven viser vanleg god arbeidsinnsats, og til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsette for skulen. Ugyldig fråvær kan føre til nedsett karakter i orden.

Ved fastsetjinga av karakter i åtferd tek ein omsyn til korleis eleven ter seg på skuleområdet og elles når skulen har ansvaret for tilsynet med elevane. Ein skal særleg leggje vekt på korleis eleven ter seg mot andre elevar, lærarar og andre tilsette. Ein kan også ta omsyn til korleis elevane ter seg mot kvarandre og til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsette for skulen.

Den vurderinga skulen gjev i orden og i åtferd, skal haldast åtskild frå vurderinga av dei reint faglege prestasjonane.

Ein skal ta omsyn til eleven sine føresetnader, og til vanleg ikkje leggje avgjerande vekt på enkelthendingar. Hovudgrunnlaget for fastsetjing av standpunktkarakterar i orden og i åtferd skal vere orden og åtferd hos eleven det siste halve skuleåret.

Dersom ein elev står i fare for å få nedsett termin-, eller standpunktkarakter til Nokså god eller Lite god i orden eller i åtferd, må eleven og foreldra eller dei føresette få skriftleg varsel. Varselet skal givast utan ugrunna opphald, slik at betre innsats kan påverke karakteren.

Dagleg leiar har ansvaret for at terminkarakterar og standpunktkarakterar i orden og i åtferd for ein elev blir sette etter drøfting i møte der alle lærarane til eleven er til stades.

§ 7 FUSK ELLER FORSØK PÅ FUSK

På alle prøver er det berre høve til å bruke dei hjelpemidlane som er avtala på førehand. Eleven kan ikkje snakke med medelevar eller andre utan først å vende seg til vakta. Anna er å sjå på som fusk.

Dersom ein elev blir teken i fusk eller forsøk på fusk, skal det meldast til eksamens-ansvarleg eller rektor. Konsekvensane av fusk er:

- Karakteren på den prøva det gjeld, blir annullert.
- Fusk er å sjå på som eit grovt brot på reglementet og vil normalt føre til nedsetjing av karakteren i åtferd i den aktuelle terminen.

Ein slik reaksjon på brot er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og det er klagerett i samsvar med denne.

§ 8 KONSEKVENSAAR FOR ELEVAR SOM BRYT REGLANE

Brot på reglementet kan føre til nedsett karakter i orden og åtferd.

Dersom eleven står i fare for å få nedsett karakter skal det gjevast skriftleg varsel. Varsel skal gjevast straks det er aktuelt, slik at betre orden eller åtferd kan påverke karakteren.

Andre tiltak kan vere:

- påtale frå ein av de tilsette ved skulen.
- melding til føresette (gjeld elevar under 18 år).
- beslaglegging av ulovlege gjenstandar.
- pålegg om oppgåver for å rette opp skade ein har påført skulen sin eigedom eller eigneluter.
- erstatningsansvar jfr. Skadeserstatningslova § 1-1 og § 1-2.
- utestenging frå gruppe for resten av timen etter faglærars avgjerd.
- utestenging frå skulen for resten av skuledagen etter rektors avgjerd.
- melding av straffbare forhold.

Ved alvorlige brot på reglementet, eller dersom negative tilhøve ikkje betrar seg, kan særskilte refsingstiltak setjast i verk, jfr Friskulelova § 3-10. Det kan medføre:

- bortvising av eleven for inntil fem dagar. Rektor avgjer dette etter å ha rådført seg med kontaktlæraren til eleven.
- at elevar som vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro i skulen eller forsømmar pliktene sine kan etter vedtak av fylkeskommunen visast bort for resten av skuleåret. Eleven kan då òg misse retten til vidaregåande opplæring.

Tiltaka skal dokumenterast.

Før bortvising eller særskilte refsingstiltak blir brukt, skal eleven få høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Før det blir gjort vedtak om bortvising ut over ein dag eller tap av elevrettar, skal det vurderast om det er mogleg å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak.

Eleven fell ikkje utanfor ansvarsområdet for oppfølgingstenesta sjølv om elevrettane blir tapt.

Avgjerda om bortvising og tap av retten til vidaregåande opplæring er enkeltvedtak etter forvaltningslova og det er klagerett i samsvar med denne. Departementet er klageinstans.

Ordenskarakter

Alle vidaregåande skular er pålagt å gje elevane karakter i orden - etter skalaen "God", "Nokså god" og "Lite god" - der karakteren "God" står for den alminnelege gode orden.

Ordenskarakteren skal fortelje om eleven si evne til å rette seg etter reglementet ved skulen, om eleven held tidsfristar og har god orden på skulesakene og arbeidsplassen.

For å gjere ordenskarakteren så sakleg og rettferdig som mogleg, praktiserer skulen eit "prikkbelastningssystem" der eleven blir belasta med eit bestemt antal prikkar etter kor alvorleg brotet er vurdert. Slik vil alle elevar få lik vurdering for like brot.

Det må understrekast at ein "prikk" ikkje er noko straff, men ei vurdering av eit ordensbrot.

Forhold som medfører prikkbelastning:

Ein prikk:

- for seint frammøte ved start på dagen. Gjeld både når eleven er borte ein del av første timen og når eleven er borte ein eller fleire timar frå starten av dagen, men kjem seinare, og ikkje har gyldig dokumentasjon for fråværet.
- for seint frammøte til undervisningstime. Elevane skal ha rimelig tid til å gå frå skuleplassen til klasserommet.
- for seint frammøte til morgonsamling
- gløymt nødvendige bøker/skulesaker
- levert eit mindre innleveringsarbeid for seint
- ikkje gjort heimearbeid
- gløymt skulesaker i klasserommet
- ikkje levert fråværslapp (ugyldig fråvær)

To prikkar:

- ikkje levert eit mindre innleveringsarbeid
- levert større innleveringsarbeid for seint (særarbeid, stil el.l.)

Fire prikkar:

- ikkje levert større innleveringsarbeid

Andre brot

Det kan gjevast prikkbelastning også for brot som ikkje er nemnde over. Talet på prikkar vil avhenge av kor alvorleg brotet er.

Terminkarakteren vert vurdert sett ned éin grad ved 9 prikkar i éin termin.

Terminkarakteren vert vurdert sett ned to grader ved 22 prikkar i éin termin.

Åtferdskarakter

Alle vidaregåande skular er pålagt å gje elevane karakter i åtferd - etter skalaen "God", "Nokså god" og "Lite god" - der karakteren "God" står for den alminnelege gode åtferd.

Åtferdskarakteren skal fortelje om eleven si evne til å rette seg etter reglementet ved skulen, og om eleven viser god framferd i skuletida mot medelevar og lærarar. Den skal vidare spegle innsats i og haldning til faga.

For å gjere åtferdskarakteren så sakleg og rettferdig som mogleg, praktiserer skulen eit "prikkbelastningssystem" der eleven blir belasta med eit bestemt antal prikkar etter kor alvorleg brotet er vurdert. Slik vil alle elevar få lik vurdering for like brot.

Det må understrekast at ein "prikk" ikkje er noko straff, men ei vurdering av eit åtferdsbrot.

Tilhøve som medfører prikkbelastning:

Éin prikk:

- slapp haldning/dårleg innsats i timen
- gått frå timen utan å spørje om løyve
- andre aktivitetar enn faget i timen, f.eks. lekse i andre fag, lese blad, "feil" sider på internett og liknande.
- unødig køyring på skulen sitt område

To prikkar:

- uro/forstyrning av undervisning
- røyking eller snusing i skuletida

Fire prikkar:

- hærværk på skulen sin eigedom
- fråvær utan gyldig grunn på varsla prøver

Fusk er å sjå på som eit grovt brot på reglementet og vil normalt føre til nedsetjing av karakteren i åtferd i den aktuelle terminen.

Andre brot

Det kan gjevast prikkbelastning også for brot som ikkje er nemnde ovanfor, til dømes mobbing, rasisme og bruk av rusmiddel. Talet på prikkar vil vere avhengig av kor alvorleg brotet er.

Terminkarakteren vert vurdert sett ned éin grad ved 9 prikkar i éin termin.

Terminkarakteren vert vurdert sett ned to grader ved 22 prikkar i éin termin.

Om frávær og merknader

på Vestborg pr. 26.9.2014

For at faglærer skal kunne gje halvårsvurdering eller standpunktkarakter er det nødvendig at eleven er tilstades og deltek i undervisninga. Dersom ein elev har stort frávær kan grunnlaget for å setje karakter mangle. (Sjå rettleiande fráværsgrenser i skulereglementet §5f.) Dersom ein elev ikkje får halvårsvurdering i eit fag, vil han normalt heller ikkje få standpunktkarakter i faget. Sjå elles reglar for frávær og merknader i skulereglementet.

Eleven sitt ansvar

- 1** Eleven har plikt til å møte presis til all undervisning. Eleven skal ha bøker og anna nødvendig utstyr klar til bruk når timen startar.
- 2** Ved planlagt frávær frå undervisning, skal eleven skriftleg søke på førehand jf. § 5 i skulereglementet. Eige skjema vert nytta til dette.
- 3** Ved sjukdom pliktar eleven å melde frå til internatleiar eller kontoret. Første dag på skule etter sjukdom skal skjema leverast til kontaktlærer.
- 4** Eleven skal på eige initiativ legge fram dokumentasjon i følgjande tilfeller:
 - når han har frávær han meiner er særfrávær
 - når han har vore borte frå heildagsprøver grunna sjukdom eller andre tvingande årsaker.
 - når han har frávær som han ønskjer skal forklarast på vitnemålet (til dømes kjøreopplæring, tannlegebehandling osv). All dokumentasjon skal leverast så snart som mogleg.
- 5** Eleven pliktar å halde oversikt over eige frávær og merknader. Minst éin gong i veka skal eleven gå inn i Fronter og sjå kva som er ført av frávær og merknader.
- 6** Den fråverande har sjølv ansvar for å kome à jour med skularbeidet og halde seg orientert om meldingar som er gjeve medan han er borte frå undervisninga. Han skal søke hjelp og rettleiing om nye lekser, nytt stoff og anna hjå faglærer eller medelevar.

Faglærer fører frávær og merknader i fronter dagleg. Kontaktlærer går inn minst éin gong i veka og ser over. Eleven gjev med ein gong melding til faglærer dersom fráværsoversikten ikkje stemmer med eigne notat. Dersom eleven berre har fått enkelttimefrávær, men skal ha heildagsfrávær, gjev han melding til kontaktlærer.

Internatreglement

REGLEMENT FOR ELEVAR VED VESTBORG VIDAREGÅANDE SKULE

Vedteke av skulestyret for Vestborg vgs 2. juni 2016.

Innleiing

Vestborg har som målsetjing at internatet skal vere ein god og trygg heim for elevane; ein heim der ein skal kunne vere seg sjølv, vekse og utvikle seg i god relasjon med dei andre elevane i internatet. Skal ein nå dette målet, må elevane ta omsyn til kvarandre og vise respekt og omsorg.

Internatreglementet seier noko om kva som er forventa av elevane som bur i internatet. Dette kan f.eks. vere ulike oppgåver som må gjerast, samspelet med dei andre elevane, når det skal vere ro og når internatet blir låst for natta.

Internatreglementet gjeld heile døgnet.

Ro

Mellom 16.30 og 18.30 på kvardagar er tida sett av til heimearbeid/lekser. I dette tidsrommet skal det vere lesero på internatet. Ein kan også nytte klasserom/bibliotek til studiearbeid. Her skal det til ei kvar tid vere mogleg å konsentrere seg om skulearbeid utan å bli forstyrra.

Utanom leksetida må ein også ta omsyn og ikkje spele så høg musikk at ein forstyrrar dei andre på internatet eller naboane til skulen.

Innetid

Dørene i internatet er opne fram til kl. 22.30 frå søndag til torsdag. Fredag og laurdag blir dørene låst kl. 01.00. Søndag-torsdag skal elevane vere på eigne rom etter kl. 23.00. Fredag og laurdag skal elevane vere på eigne internat etter stengetid, men det skal vere ro til å sove.

Film, tv-spel og internett

Filmar og tv-spel som blir vist på internatet skal ikkje overskride aldersgrense på 15 år. Det er ikkje tillate å sjå film, internett eller tv-spel med rå vald og/eller porno.

Det trådlause nettet ved skulen slår seg av automatisk etter innetid.

Tryggleik

- All form for levande lys er forbode i internatet.
- Ein hovudregel er at ein ikkje må utføre handlingar som kan vere farleg for ein sjølv eller andre.
- Alt elektrisk utstyr ein har på internatrommet skal vere av god kvalitet og i god teknisk stand av omsyn til branntryggleiken.
- Toastjern, vaffeljern, pizzaovn og liknande skal berre nyttast på internatkjøkken. Det er ikkje høve til å ha kjøleskap på rommet.
- Røykdetektorane på romma har ein veldig viktig funksjon og skal ikkje dekkast til.
- Det er forbode å oppbevare våpen og ammunisjon på internatet.
- Det er forbode å oppbevare brennbare væsker eller eksplosivar (t.d. fyrverkeri).
- Opphald eller ferdsel på skuletaket er ikkje lov.

Røyking og snusing

Skulen er ein røyk- og snusfri skule; røyking og snusing er difor ikkje tillate på skuleområdet. Røyking innandørs kan føre til bortvising frå internatet.

Alkohol og andre rusmiddel

Det er ikkje lov å bruke eller oppbevare alkohol eller andre rusmiddel på skuleområdet. Det er ikkje lov å kome rusa tilbake til skuleområdet.

Elevrom og inventar

- Elevane må vaske og stelle romma sine og syne orden både inne og ute.
- Det er ikkje høve til å flytte møblar ut av elevromma utan etter avtale med vaktmeister.
- Ommøblering må ikkje skje utan etter løyve frå vaktmeister/ internatleiar. NB! Skap skal ikkje flyttast!
- Det er ikkje tillate å ta med skulen sine madrassar eller møblar ut av internata.
- Det er ikkje tillate å ha kjæledyr på internata.
- Innbetalt depositum på kr 1.500,- dekkjer manglande reingjering og unormal slitasje og elles uoppgjorte økonomiske rekningar og krav.

Overnattingsfråvær borte frå internatet

Ved fråvær frå internatet

- utanom helgene må ein skrive seg på liste på kontoret.
- i helgene må ein skrive seg på helgelista.
- må umyndige ha løyve frå føresette for å reise annan stad enn heim.

Det er viktig at ein gjev melding til tilsyn når ein er tilbake.

Samliv

Skulen sitt internat er ikkje ein stad der kjærastar overnattar hjå kvarandre. Elevar som vert oppdaga på feil stad til feil tid, må difor pårekna ein samtale med rektor eller inspektør. Heimen vil vera ein naturleg samarbeidspartnar i slik saker.

Besøk

Elevane kan ha overnattingsgjestar på rommet sitt i helger og andre fridagar. Då må dette bli registrert på helgelista.

Kjøkken- og internatteneste

Tre elevar har hjelpeteneste på kjøkkenet etter middag og kveldsmat. Dersom ein elev ikkje kan møte, må han/ho sørge for å bytte med nokon.

Elevane vaskar på skift fellesareal i internata. Det skal vaskast måndag og torsdag. Vaskeutstyr er å finne på alle internat. Ring tilsyn (70263900) før klokka 1900 eller 2200 for godkjenning av vask.

Ein elev som ikkje får jobben godkjend eller ikkje møter opp må betale kr 150 - inkl. eit administrasjonsgebyr. Kr 100 går til den eleven som må ta tenesta i staden.

Tekjøkkena

- Tekjøkkena skal vere ryddige og reine til ei kvar tid. Den som har brukt kjøkkenet skal straks vaske opp og rydde etter seg.
- Dersom elevane ikkje held orden på tekjøkkena, vert dei stengde.
- Tekjøkkena er opne frå frukost til 23.00 på kvardagar. I helgene vert dei ikkje låst.

Feriestenging av internatet

Skulen vert stengt i feriane og ved særskilde høve (sjå skuleruta). Elevane har då ikkje høve til å bu i internatet.

I påska vert det arrangert leirar på Vestborg. Elevromma vert då nytta av leirdeltakarane. Grunna alt arbeidet med tilordning til leirane må elevane reise same dag som skulen sluttar.

Når siste eksamensdag er over og undervisninga i klassa er slutt, vert internatet stengt for sommaren.

Tildeling av rom

Tildeling av rom i internatet vert gjort etter fordeling mellom kjønn og etter ulike behov. Elevar som alt har budd eitt år eller meir i internatet kan skrive søknad til internatleiar med romønske. Då vert ynskja til dei elevane med færrest prikkar prioritert fyrst.

Reaksjonar ved brot på internatreglementet

Brot på internatreglementet kan føre til nedsett internatordenskarakter.

Karakteren blir ført på karaktersetlane for termin- og standpunktkarakterar.

Internatordenskarakteren skal fortelje om elevens evne til å rette seg etter skulens internatreglement.

For å gjere internatordenskarakteren så sakleg og rettferdig som mulig, praktiserer skulen eit "prikkbelastningssystem" der eleven, ved brot på internatreglementet, blir belasta med eit visst tal prikkar etter kor alvorleg brotet blir vurdert. Slik vil alle elevar få lik vurdering ved likt brot.

Etter nærare bestemte grenser vil eleven få åtvaring for brot på reglementet. For kvar 5. prikk vil eleven få ei ekstra kjøkkenteneste. Dette fører til at elevane som har færrest prikkar får sjeldnare kjøkkentenester.

Uakseptabel framferd kan i alvorlege tilfelle føre til at eleven misser retten til å bu i internatet.

Branninstruks

Når det gjeld branntryggleik, er skuleeigar pålagt å syte for at bygningane er best mogeleg sikra mot brann. Men du som brukar av bygningane er også pålagt å setje deg inn i rutinar som skal gjere det så enkelt og trygt som mogeleg å berge deg frå katastrofen, om det likevel skulle bryte ut brann.

Det vil i løpet av skuleåret bli gjeve brannvernopplæring og praktiske øvingar på korleis ein skal oppføre seg ved varsling av brann, men du må også sjølv ta ansvar ved å setje deg inn i reglar og oppførsel når brannalarmen går.

Les difor punkta nedanfor nøye!

- 1) Det er i alle bygg og etasjar ymse slokkingsutstyr. Gjer deg kjend med desse, slik at du kan nytte dei om det skulle brenne.
- 2) Det er skilting som viser rømmingsvegar og nødutgangar. Du bør forsikre deg om at du kjenner desse, i god tid før du får bruk for å nytte dei.
- 3) Brann blir varsla ved påfølgjande skarpe ringesignal. (Normalt blir alarmen utløyst automatisk, men om det ikkje skjer, kan brannmeldarane i gangane brukast.)
- 4) Ver roleg og sindig.
- 5) Lat att alle vindauga dersom det er mogeleg. Lat att døra til brannstaden. (Ikkje lås.)
- 6) Bruk næraste pulverapparat eller brannslange, men berre dersom du ser at det er mogeleg å slokke.
- 7) FORLAT BYGNINGEN STRAKS! Bruk naudutgang om nødvendig.
- 8) Møteplass for registrering, oppteljing:
 - a. Elevane går raskt til plassen ved flaggstanga utanfor Dregetua, og stiller seg i rekkjer for kvar etasje i kvart bygg.
 - b. Han/ho med lavast romnummer stiller seg først, han/ho med nest lavast nummer like bak osv...
 - c. Den eleven som har lågast romnummer sjekkar at alle elevane i sin etasje er til stades, og gjev tilsyn melding om dette.
 - d. Dersom eleven med lavast romnummer ikkje er på skulen, skal den eleven med nest lavast nummer telje og gje beskjed til tilsyn.
- 9) Tilsyn har ansvar får å:
 - a. ringe 110 og varsle. Må melde om det brenn i øvre del av området (Slogen, Roalden, Skura) eller i nedre del (Storfjorden, Dregetua, Lievarden).
 - b. kontrollere at alle elevane er ute av bygningane.
 - c. melde frå til brannvesenet om nokon er att i bygningane.